

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: *Burkerud*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Hemse dal*Emne: *Brynet.*Bygdelag: *Sør-bygda*Oppskr. av: *Ola Rudvin (f. 1899).*Gard: *(Barudonsheim: Rundtøp)*(adresse): *Hammerstadgt. 12 B<sup>II</sup>, Oslo*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1) Det vanlige ord for denne reidskapen er (eit) bryne. "Kein" har eg aldri høyrte nytta (men det svir for meg at eg skal ha høyrte vendinga "hard som ein kein"). - Namnet går iver på forma. "Kaku-bryne" har såleis vore ålgjengt namn for brød-skive.

2) Brynet har frå gammalt vore av naturstein. Men no i seinare tid har dei meir og meir gått over til bryner av kunststein. Har ikkje høyrte at det faust brukande brynestein i bygda.

3) Ljå, knivar, høveltenner og andre eggjarn er det vanleg å slipje fyrst og bryne etterpå for å få bort "ro" og få finare egg. Og så vert gjerne alle reidskap brynt fleire gonger til dei vert så "fjukke" i egga at dei må slipast på nytt.

4) "Tynningsljå" vart nytta til bortimot midten av 1800-talet (1840?). Men når så slipingsljåen kom, gjikk tynningsljåen heilt av bruk. Tynningsljå hadde dei smidd inni bygda, men slipingsljåane var "innførte-vare" (dei fyrste frå Røllag og Finn, "vest-mannljå" dei kalla, sidan vart det gode ljåsmedar i grannebyggdene Gol, Ål og Hol; ~~Hallingdal~~ har i nyare tid hatt framifrå gode ljåsmedar, dei laga langt betre ljå enn dei nymolne "fabrik-smidda").

2

Tynningsljåen vart smidd ut svart kunn mot eg-  
ga, og så galdt det då om å kunne bruke brynet  
gødt. (Har sjølv aldri sett nokon tynningsljå). Når  
dei hadde slege og brynt og slege att i lengere  
tid, måtte ljåen tynnast på ny (i staden for no  
slipast). Å tynne ljå var ei stor kunst, og det  
var skikk ein mann i grenda tynnte ljå for  
alle i hop. Det nytta han laurdagen til og tynnte  
då ljå for heile komanda veka (smaie var det på  
kvær gard). (Dette opplysningane om tynningsljåen frå  
Flakum: „Hemmedal 1814-1914“ s. 45). Såvidt eg skjönar,  
måtte tynningsljåen vera av einast av stål, i alle  
fall så langt innover han skulle tynnast. Og det  
var nok den rette herdinga som var største kun-  
sta. I slipingsljåen ligg eggstålet i jarn, dermed  
vert han sterkare mot brot. - Hadde dei ikkje  
hatt bruk for slipesteinar før, så vart det heilt  
naudsynleg med slike når slipingsljå kom i bruk.  
Når slipesteinar fyrst kom til bygda, saknar eg opp-  
lysningar om.

5) Sennestein er, så vidt eg kjemmer til,  
ukjent i bygda (i alle fall i nyare tid). Dei tok  
aldri slipesteinen med seg utover feigane, det ville  
ha vere for tungvint all den stund dei gjikk heim  
til måla. (Men til ei utslatte der dei laut vera  
fleire dagar, kunne kanskje noko sære brukjast at  
dei frakta slipestein med. Dei hadde slipestein  
både på ~~at~~ heime og på stölen).

6) Det mest vanlige var at ein brukte ein  
ljå ei øykt for ein slipste att. (Til myreslått t.d.  
kunne ljåen stå seg halve dagen eller så. Til  
steinutt og seig slått kunne det stundom kripe  
om ein berga seg øykta ut, særlig då om ein var  
ubrønnen og „stein-hogde“ fleire gonger).

7) Bryner av tre har eg aldri høyrte gjete. Ein mytla det sine og same brynet. Det griddde seg fint.

8) Me slapte aldri med arvet på. Somme stader gjer dei det. Men då kjenner ein ikkje så lett når ein "legg åt" passe. Me heldt egga mot oss når me slapte, det fall lettast.

9) Når ein bryner, held ein arvet under vinstre armhola og sløder gjæen med vinstre armen. Så bryner ein med høgre handa. (Skottar er ikkje lenger i bruk).

10) Ein bar brynet i ein "stronk" som ein hekk midt bak på ei livseim ("stronkereim") eller på bukselininga. Den var som aftast laga av tre.

11) "Stronk" av horn har eg ikkje høyrte gjete.

12) "Stronken" hekk midt bak.

13) Ein hadde "stronken" halofylt av vatn.

Ein mytlar framleis vatn til kunststeinbryna og.

14) Hagsar ikkje at det var noko sær ord for brynekvat.

15) Brynekvat mytla som "åtgjerdde" har eg ikkje høyrte tale om.

16) Ikkje mot nokon sjukdom.

17) Har ikkje høyrte tale om noko slag overtru i samband med brynet.

18) Å bryne gjæen heitte å "kvæta" gjæen. At brynet skulle "væ" noko er ukjent for meg. Men han får hadde for skikk å bryne såleis at det vart liksom ein "slått" ut av det (ved flere eller færre bryneslag fram og attende og ved å stå over frå sine sida av gjæen til hi). Ved å bryne slik i takt, fekk han liksom ein oppsong til arbeidet. Ganske naturleg tok eg etter han i dette, og det er trolig at han i sin tur har "erot" skikken

4  
frå andra. Men det var icke alla i grenda som  
var så „musikaliska“ när de bryute.

19 - 20) Serliga orlak, ramser eller visor i  
samband med bryninga har eg aldri höjrt  
i min oppvekst. Men skikken med å bryne  
i lukt, kunne tyde på at dei før i tida har  
sungt vise stubbar under kvetinga.

8-2-47.

G. R.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

149